

Julegrantenning med eige julespel.

03.12.2018



Nissen og hesten hadde sentrale roller i julespelet.

I adventstida har det vore lys på julegrana i sentrum sidan 1963. Markeringa har utvikla seg over tid både med omsyn til innhald og tidspunkt. Uskedal Musikkalg har vore med sidan starten. Aktivitetshusets Damevener var i mange år ein viktig part i å utvikla tilskipinga til ei julemesse. Dei siste åra er markeringa forenkla og tilpassa situasjonen med at det er ei samling på ein fredag straks etter arbeidstid.

Nytt i år var julepelet Nissen på låven, synt fram i kjellaren i Gamleskulen. Det er teatergruppa i ungdomslaget som har laga og øvd inn tablået. Maria Larssen er instruktør. Kjellaren i Gamleskulen er ein ny arena som kan brukast til mangt og mykje.

Hesten, katten, bonden og nissen er viktige aktørar i spelet. Nissen slit med å få høyet inn på låven. Bonden går rundt og steller i stallen og katten smyg seg rundt omkring, men elles vert det lite gjort. Nissen står og ventar på julegrauten. Slutten er at alle kjem inn på scenen og dansar og syng På låven sitter nissen med sin julegrøt. Den lokale vrien var at Børsdalsnissen hadde ein liten rolle i spelet.

Av omsyn til trafikken gjennom sentrum var alt program og sal samla på nedsida av fylkesvegen, i Gamleskulen og i område ned mot SPAR. Det var kafe og DNTUng, ei undergruppe av Kvinnherad Turlag, hadde stand og sal. I kjellaren var det sal av produkt frå Friheim Gardsmat og frå Elins Matgleder.

Det vart ikkje engleverkstad i kyrkja i år, men det er noko som truleg vert lagt inn i markeringa alt til neste år.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kari Kolltveit/Asle Moberg



Børsdalsnissen var tilbake i år etter eit opphold og reise i fjor.